



Informasjon frå
Sunnhordland
Interkommunale
Miljøverk IKS

2/2011
Juli • Årgang 18



Rett frå dunken

Ven med Maciej

Maciej Durski (biletet) og dei andre SIM-sjåførane har det travelt. I løpet av arbeidsveka skal tusenvis av dunkar tømast, og det skal sjå reint og ryddig ut på tømme-staden. Slik hjelper du sjåførane:

- Plasser dunkane på rekkje og rad, og på eit fast og plant underlag i høgde med vegbanen.
- 25 cm mellom kvar dunk.
- Ein halvmeter luft bak dunken.
- Ikkje overfyll dunken. Loket skal kunna lukkast.

Bestill ny dunk hos SIM dersom den du har er for liten.



– Biosekk i dunken og spyling etter kvar tømning hjelper mot fluger og makk, seier Ole Håkon Gulliksen.

Ein sommar utan fluge og makk

Mange slit med å halda biodunken fri for fluger og makk sommarsdagen. Her er nokre hjelperåd:

- Spyl dunken rein etter kvar tømning
- Bruk innerpose (biosekk) i dunken
- Plasser dunken på skuggesida av huset

Biosekkene kjøper du i daglegvarebutikken eller hjå SIM. Dei er laga av maisstivelse og kan kastast i lag med bioavfallet.

Unngå å kasta fiseslo i biodunken. Slo dreg til seg fluger og makk og luktar ille.

SIM
nytt



Utleiehytter skal ha renovasjonsabonnement som heilårshus.

Utleiehytter og abonnement

Alle som har hytte i ein SIM-kommune må vera med i den kommunale hytterenovasjonsordninga. Kommunestyret har bestemt at utleiehytter skal ha renovasjonsabonnement som heilårshus, ikkje som fritidsbustad. Eigarar av utleiehytter kan kontakta SIM for å få ordna dette.

Aldri for seint å rydda

SIM sin ryddedugnad pågår heile året. Det er aldri for seint å bli med. SIM oppmodar burettslag, velforeiningar og andre grupper om å ta eit tak for eit reinare og ryddigare nærmiljø. Les alt om ryddedugnaden, og meld deg på, på www.sim.as

Prøv heimekompostering

17 % av SIM sine abonnentar komposterer matavfallet sitt sjølv. Dermed produserer dei si eiga jord og slepp betala gebyr for biodunken. Men det er ikkje berre å setja i gang sånn utan vidare. Først må du ha gjort avtale med SIM. For å få avtale, må du ha dokumentert at du har kunnskapar om heimekompostering. Alt du treng å kunna finn du på www.sim.as. Klikk på «Privat» og deretter på «Heimekompostering».



Kostnadsfri lever det farlege avfallet

SIM sine miljøsentralar tek i mot alle typar farleg avfall. Det kostar ikkje noko å levera.

Det kostar ikkje noko å kvitta seg med restane etter «sommarjobben» på lovleg vis.

Privatpersonar kan levera måling, olje, lim, lakk og andre typar farleg avfall kostnadsfritt på miljøsentralen. Verksemder betalar etter vekta på avfallet dei leverer.

Både privatpersonar og verksemder pliktar å levera sitt farlege avfall til godkjent mottak. I vårt område er det SIM sine miljøsentralar. Derifrå vert avfallet sendt til forskriftsmessig behandling, som anten er energiutnytting (brenning) eller nøytralisering og langtidslagring.

10 % av alt farleg avfall som vert produsert her i landet hamnar i naturen, til stor skade for menneske, dyr og miljø. Det er her kvar og ein kan gjera ein innsats. Utan å måtta betala for det.

Siste halvår for plastprosjektet

SIM sitt prøveprosjekt på innsamling av plastemballasje i Fitjar kommune går no inn i siste halvår. I løpet av 2011 skal det avgjerast om plastinnsamling skal bli eit permanent tilbod i SIM-kommunane, eller om ordninga skal avviklast.

I januar 2010 fekk alle abonnentar i Fitjar utdelt sekker til å samla plastemballasje i. Det første halve året var det gratis å levera. Etter eit halvt år gjekk prosjektet over til å vera ei abonne-

Også kasserte elektriske- og elektroniske produkt (EE-avfall) skal leverast til miljøsentralen, eller til forhandlar av slike produkt. Heller ikkje for dette treng du betala.

EE-avfall er alt som i si tid gjekk på straum eller batteri. Slike produkt er fulle av miljøskadelege stoff og må ikkje kastast i restavfallet.

mentsordning. Dei som då ville vera med, måtte betala eit gebyr på kr 375 per år.

Gebyret var basert på at 25 % av abonnentane ville vera med. Det skulle visa seg at berre 8 % ville betala for å levera plast. Kva gebyret vil bli i framtida med så låg deltaking, er vanskeleg å seia. Dersom ordninga vert permanent, bør ho uansett bli frivillig, der dei som er med deler på kostnadene.



ing av et



Døme på farleg avfall:

- Måling, lim og lakk
- Løsemiddel
- Sprayboksar
- Spillolje
- Reingjeringsmiddel
- PCB-haldige vindauge (produsert 1965-1980)
- Trykkimpregnerte materialar

Døme på EE-avfall:

- Mobiltelefonar, mp3-spelarar, klokker
- Fjernsyn og radioar
- Datamaskinar, dataspel og spelkonsoll
- Lysstoffrøyr, sparepærer og vanlege lyspærer
- Alle typar batteri
- Leiker som blinkar eller bråkar
- Fjernstyrte bilar

Plastemballasjen vert sendt til Tyskland for sortering og gjenvinning.

Be om samlesekker

Abonnentar i alle SIM-kommunar kan be om å få tilsendt sekker til å samla plastemballasje i. Sekkene er gratis og plastemballasjen kan leverast kostnadsfritt på miljøsentralen.



8 % av abonnentane i Fitjar sorterer ut plastemballasje. Det er framleis råd å bli med på siste halvår av prøveprosjektet. Plasten vert samla inn kvar fjerde veke, same dag som bioavfallet.



Berre for hytteabonnentar

Misbruk av SIM sine hyttekonteinarar er ulovleg. Det er berre dei som betalar abonnementet for hytterenovasjon som har lov til å bruka konteinarane. Meld frå til SIM på tlf. 53 45 78 50 dersom du observerer misbruk, hærverk, konteinaren er full eller boset flyt på utsida. SIM ynskjer at det skal vera reint og ryddig kring konteinarane. Det vil hyttebrukarane, òg. Kjem det først bos på utsida, er det lett for at det blir meir.

Kontakt oss ved manglande tømning

Det hender bosbilen køyrer forbi utan å tømme. I slike tilfelle ynskjer me å få beskjed så snart som råd. Det er enklare å ordna ekstratømming når bilen er i ditt område enn når den er i gang med ei anna tømmerute. For å ha rett på tømning, må dunken ha vore på tømme-staden kl. 06.00 tømmedagen.

For feilmelding:

Austevoll, Kvinnherad og Tysnes: Tlf. 952 53 520
Bømlo, Fitjar, Stord og Sveio: Tlf. 952 53 515

Bestill dunkar i god tid

Meld frå til SIM i god tid dersom du skal flytta til nytt hus, slik at du har dei bosdunkane du treng frå første dag.

Det kan ta opptil seks veker frå me får melding om det til bosdunkane står i tunet heime hos deg. Dersom du ikkje kan venta så lenge, kan du henta dunkane sjølv på ein av våre miljøsentralar. I så fall må du melda frå på førehand, slik at me får gjort dunkane klare.

Ikkje ta med deg dunkane når du flyttar. Dunkane følger eigedommen, ikkje abonnenten.



Sendar:

OFFENTLEG INFORMASJON

Sunnhordland
Interkommunale
Miljøverk IKS
Svartasmoget
N-5419 Fitjar



Unngå bomtur på moldjakt

Framleis er det råd å få tak i rein kompostjord på miljøsentralen, men plenblanding minkar det på.

Det har vore stor etterspørsel etter kompostjord og plenblanding i vår. Fleire miljøsentralar byrjar å gå tomme, spesielt for plenblanding, som er mest populær.

– Me oppmodar alle som skal ha mold om å kontakta SIM før dei køyrer til miljøsentralen, slik at dei unngår å køyra bomtur, seier operatør Einar Breivik. Det er han som foredlar matavfall til kompostjord og plenblanding ved SIM sitt anlegg i Svartasmoget.

Plenblandinga består av halvt om halvt med kompostjord og sand og kan såast i direkte. SIM produserer ny blanding kvar dag, men kompostjorda som blir blanda inn, er enno i ferskaste laget og kan ikkje seljast før i august.

Rein kompostjord (ublanda) finst enno på lager. Denne bør blandast med anna jord før planting.

Glas- og metallemballasje kan kastast i konteinaren dersom det har vore mat eller drikke på produktet.



Lær deg hugseregelen

Det finst ein enkel hugseregel for kva du har lov til å kasta i SIM sine returpunkt for glas- og metallemballasje: Det må ha vore anten *mat eller drikke* på produktet. Så enkelt er det.

Returpunkta finst på sentrale stader kringom i kommunane. Det er kostnadsfritt å levera. Klart og farga

glas kan gå om einannan. Porselen, keramikk, knuste glasruter, lypærer og målingsspann skal *ikkje* i konteinarane.

Returglas vert gjenvunne til byggje- og isolasjonsmateriale, medan metallemballasje vert til sykkeldeler.

Meld frå til SIM dersom returpunktet er fullt, eller nærmar seg fullt.

Opningstider miljøsentralane

Austevoll, Porsdalen

Torsdag kl. 10.00 – 18.00.

Perioden 1. april – 30. sept.: Annankvar laurdag (oddetalsveker) kl. 09.00 – 14.00.

Perioden 1. okt. – 31. mars:

Siste laurdag i månaden kl. 09.00 – 14.00.

Påskeaftan, julaftan og nyttårsaftan stengt.

Bømlo, Hollundsaldalen

Måndag, tysdag og torsdag kl. 12.00 – 18.00.

Perioden 1. april – 30. sept.: Annankvar laurdag (oddetalsveker) kl. 09.00 – 14.00.

Perioden 1. okt. – 31. mars:

Første laurdag i månaden kl. 09.00 – 14.00.

Påskeaftan, julaftan og nyttårsaftan stengt.

Fitjar og Stord, Svartasmoget

Måndag kl. 08.00 – 18.00.

Tysdag – fredag kl. 08.00 – 15.30

Annankvar laurdag (partalsveker) kl. 09.00 – 14.00.

Perioden 1. april – 30. sept.:

Torsdagar kl. 08.00–18.00.

Påskeaftan, julaftan og nyttårsaftan stengt.

Onsdag før skjærtorsdag ope til kl. 12.00.

Kvinnerad, Husnes industriområde

Måndag og torsdag kl. 13.00 – 18.00.

Tysdag og fredag kl. 08.00 – 13.00.

Perioden 1. april – 30. sept.: Annankvar laurdag (partalsveker) kl. 09.00 – 14.00.

Perioden 1. okt. – 31. mars:

Første laurdag i månaden kl. 09.00 – 14.00.

Påskeaftan, julaftan og nyttårsaftan stengt.

Sveio, Sveiåsen

Måndag kl. 10.00 – 18.00.

Perioden 1. april – 30. sept.: Annankvar laurdag (oddetalsveker) kl. 09.00 – 14.00.

Perioden 1. okt. – 31. mars:

Siste laurdag i månaden kl. 09.00 – 14.00.

Påskeaftan stengt.

Tysnes, Eredalen

Tysdag kl. 10.00 – 18.00.

Perioden 1. april – 30. sept.: Annankvar laurdag (partalsveker) kl. 09.00 – 14.00.

Perioden 1. okt. – 31. mars:

Siste laurdag i månaden kl. 09.00 – 14.00.



Sunnhordland
Interkommunale
Miljøverk IKS

Svartasmoget, N-5419 Fitjar
Telefon: 53 45 78 50
Telefaks: 53 45 78 60

E-post: sim@sim.as
Nettstad: www.sim.as

SIM